



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
Kvingebakkevegen 97
5981 MASFJORDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1550 - 18/13885

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
30.04.2018

Melding om vedtak gbnr 141/32 Kvamme nedre

Tiltakshavar: Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
Ansvarleg søkar: Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
Dispensasjonssak: Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sitt krav om reguleringsplan for bruksendring frå hytte til heilårsbustad i område sett av til bustad

Søknaden vart avslått i Administrativt vedtak - Saknr: 033/18. Tiltakshavar klaga på vedtaket

Klagesaka vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 25.04.2018, der følgjande vedtak vart fatta:

PM - vedtak:

Eigedommen ligg i eit område avsett i kommuneplanens arealdel til heilårsbustadar og er ein av dei to siste eigedommane i området som er definert til fritidsbustad. I kommuneplanens areldel er det ein intensjon at ein ikkje skal blanda fritidsbustadar og heilårsbustadar i same område. Statens Vegvesen har ikkje komme med innvendingar om omsøkt omgjerung, og det er etablert sikker gangveg frå eigedommen like til kommunesenteret Knarvik. Ved omgjerung vil ein få eit meir homogent bustadområde. Ettersom ein her berre vurderer dette området, ser uvalet ikkje at ein dispensasjon her gjer presedens for andre tiltak lengre utover Fv404. Kommuneplanens arealdel vert ikkje sett vesentleg til side ved ein dispensasjon. All naudsynt infrastruktur til heilårsbustad er stetta. Det er svært urimeleg at dei to siste eigedommane i eit allereie etablert felt skal måtta stå for eit større reguleringsarbeid for omgjerung av ein eller to eigedommar. Utvalet ser føremonene med omgjerung som klart større enn eventuelle ulemper og vil støtte søknaden om omgjerung frå fritidsbustad til heilårsbustad.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål

om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på vedtak vedk søknad om bruksendring - gbnr 141/32 Kvamme nedre

Avslag på søknad om dispensasjon for bruksendring - gbnr 141/32 Kvamme nedre

Teikningar

Terrengprofil

Situasjonsplan

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad - gbnr 141/32 Kvamme nedre

Mottakarar:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS	Kvingebakkevegen 97	5981	MASFJORDNES
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Ove Veland	Stranda 803	5993	OSTEREIDET